

ÅRSMELDING 1992

Leikanger JFL har i 1992 arrangert 4 leirduestemner over 6 dagar med eit gjennomsnitt på 25 skyttarar. Ei av desse stemnene var fylkesmeisterskapet. På denne stemna deltok det 34 skyttarar. Kurt Langeteig vann stemna med 44 treff og tok sitt andre napp i vandrepokalen. På stemner utanfor kommunen har det vore med 10-12 skyttarar frå laget.

Skyttarar som har vunne stemner er: Kurt Langeteig 13 stemner og Nils Olav Langeteig 1 stemne.

NM JEGERTRAP I ORKDAL.

LJFL deltok med 9 skyttar på NM, der Ingmar Moum vart best av våre skyttarar med 24+22 treff som heldt til ein fin 3. plass. I klasse B hadde Bjørn Sørfonden same resultatet og fekk ein fin 9. plass.

I tillegg til desse to fekk John Magne Bergkvam, Ingmar Moum og Odd Reksnes premie på hovudskytinga.

LJFL representerte Sogn og Fjordane i Noregs cupen (stålhagl) med eit 5 manns lag som til slutt enda på ein overraskande god 3. plass.

NM-NORDISK PÅ FLÅ

Dette er ei 200 skots stemne og går over 3 dagar. Kurt vart best av våre skyttarar og enda på ein svært fin 9. plass med 191 treff. Dei andre skyttarane nådde ikkje heilt opp sjølv om det vart ein del gode 25 seriar. Alle skyttarane skaut i seniorklassen.

UNI BERETTA NORGES CUP

Resultat: Kurt Langeteig nr. 5 i A-klassen. (97 + 25 i finalen)
Odd Reksnes nr. 3 i B-klassen (93 treff)

MIRIOKU- CUP

I denne cupen deltek skyttar frå Årdal, Luster og Leikanger. Finalen gjekk i Luster der 10 skyttarar hadde kvalifisert seg. Seks frå Leikanger og 4 frå Luster. Vinnar i finalen vart ikkje heilt uventa Kurt Langeteig.

DEN STORE DUELLEN.

Dette er ein duell mellom Leikanger skyttarlag og LJFL. Duellen i år vart jamnare enn før, og skyttarlaget vann med 3 treff og fekk det første nappet i vandrepokalen som vart oppsett i år.

Beste skyttar på Moene vart som i fjor Arne Nes. På Kleppa vann systrend sin beste leirduskyttar Kurt Langeteig.



ÅRSMELDING FRÅ FISKEUTVALET FOR 1992

Fiskeutvalet har siste året arbeidd med fiskeordning for nedre del av Henjaelva og fiskekonkurransar.

For andre gong arrangerte vi sjøfiskekonkurransen "Vårsprellen" søndag 26. april.

Ein del ivrige fiskarar var på leirduestemne, men det var likevel 8 familiar, 33 i herreklassa og ei dame som la optimistisk i veg.

Største fisken fekk Ivar Ness. Den vog 3635 gr. Han vann også herreklassa med totalt 6995 gr. fisk.

Reidar Breisnes tok andreplass med 6060 gr. Vidare fekk Knut B. Flaten 3945 gr., Jan Tore Fedje 3820 gr. og Per Olav Henjum 2725 gr.

Familieklassa vart vunnen av fam. Odd Skjelbred med i alt 5815 gr. Nr. 2 fam. Per Høgheim 1195 gr. Nr. 3 fam. Jan Sigurd Haugen 640 gr. og nr. 4 fam. Audun Borlaug med 360 gr.

I dameklassa vart det ikkje fanga fisk.

Arbeidet med fiskekortordning for nedre del av Henjaelva føregjekk fyrste halvdel av 1992. Årsmøtet valde eit utval med Johan Bondhus, Svein Inge Henjum og Kolbjørn Nord, som stod for utarbeiding av fiskereglar, og som hadde møte med grunneigarinteressene.

Ordninga var klar frå fyrste veka i juli.

1992 var eit prøveår med avtaler ut laksesesongen(15/9). Kortsalet vart raskt populært, og mange fiskarar var i aktivitet, særleg i fyrstninga.

Det var meldeplikt til laget om fangstar. Dette har ikkje fungert godt nok. Innmeldt ved årsskiftet var i alt 11 stk. totalvekt 38 kg, men via andre opplysningar reknar vi med at det er landa ca 25 fiskar(over 0,5 kg).

4

Kortsalet gav kr. 3875 brutto. Overskotet skal gå til kultivering i elva.

Laget tek mål av seg å inngå forhandlingar om vidare rett til sal av fiskekort.

Erfaringane frå 92-sesongen viser at fiskereglane må endrast. Det vil frå vår side bli lagt opp til 10-årsavtaler med rett til fornying. Dermed kan evt. tiltak i elva eller anna kultivering gje resultat.

Den nye lakselova skal vi ikkje kome inn på her spesielt, men denne må leggest til grunn i det vidare arbeidet.

Fylkesmannen er delegert å gje framlegg til laksefisketider for 1993-sesongen. Forslaget går ut på fisketid: 1. juni - 17. august for Henjaelva.

(Uttalefrist er 25. mars)

Den årvisse fiskekonkurransen på Fjærlandssete var fastsett til helga 25. - 26. juli, men vart ikkje avvikla i 1992. Dette må vi berre beklage. Det var ikkje viljen eller meininga frå utvalet si side, og underskrivne vil hermed karakterisere miseren som eit løftebrot med banale bortforklaringar. Det er å håpe at slikt ikkje hender meir.

Samarbeidet med grunneigarlaget er vårt lag heilt avhengig av, og bør heller styrkast via felles tiltak både praktisk og sosialt.


Vi høyrer og ser om stadig aukande forsuring og andre grunnar til fiskedaude rundt oss. Medlemene i laget vårt må vere budde på innsats for å få kunne fiske i framtida.


1993 er utpeika til "Friluftslivets år". På tampen av 92 lufta laget uformelt om det var tilskotsmidlar i denne samanheng til betring i "nesten fisketomme vatn".

Det vart ikkje gått vidare med dette då miljøvernadv. viste til at intensjonane heller ligg på aktiv tilrettelegging av friluftaktivitetar for folk.

Fiskeutvalet helsar flugebindarkurset og alle nyutklekka flugebindarar med glede. Dei ni som er i full gang vonar vi vert aktive i laget både som utøvarar i fiske og binding, og vidare læring til andre. Laget treng slike.

For fiskeutvalet: Kolbjørn Nord (form.)





Vårt banksamband:

SPAREBANKEN
Sogn og Fjordane

Knto: 3781 07 30 251

	UTGIFTER
Frakt	1750.00
Annonser	2962.80
Kioskvarer	3170.80
Kjøp skot/duer	54770.00
Kjøp premiar	23901.80
Div. utgifter	7272.00
Kjøp leirduekastar	20000.00
Kurs/møter	3458.00
Gebyr	- 220.00
Sum utgifter	<u>117505.54</u>

		INNTEKTER
Lotteri		22343.70
Inntekt treningar/stemner		58917.90
Sal skot		25182.50
Tilskot		6800.00
Div. inntekter		3282.00
Inntekt fiske		4880.00 (4882.00)
Kontigentavrekning		3360.00
Renter		2976.00
	<u>117505.54</u>	<u>127744.10</u>
Overskot	10238.56	
	<u>127744.10</u>	<u>127744.10</u>

Aktiva pr. 31.12.92	
Sparebanken Sogn og Fjordane	55459.07
Skot-duer-premiar	4802.00
Emblemer/merker	2800.00
Bygg/anlegg	34200.00
Leirduekastar m/utstyr	47900.00
Eigen del	<u>145161.07</u>
	=====

31.12.92 - 23.1.93

Odd Reksnes
Odd Reksnes

Ársmóti þá Sögnufjall Turisthótel 5/3-1993.

Þetta móti 13 meðlimar þá móti.
Kurt léi móti.

Þetta var engin merking til vinnskillinga.

Enda Gjardi og Svein Erik Vestby voru valdi til á skrá undir mótuprotokollun.

Ársmótdingur: Engin merkingar.

Rekneskapan: Góðkænt.

Val: Formann: Kurt Langsteig.
 Stjóri: Björn Hagen
Varann til stjóri: Steinar Bergkvam

Jahkubvald, meðlimur: Ivan Fagurheim
 " " varann: Vidar Frækaland

Fiskubvald, formann: Kolbjörn Nord
Meðlimur í fiskubvald: Steinar Rögnur

Mj valneimur: Geir Mygund, Vidar Frækaland.

Revisar: Svein Póssur.

Ársmótkvæðingur: Odd Reknes og Kurt Langsteig.

Colleggensar: Lagt ljóga um 25 stk + 50
T-skjorta.

Enda Gjardi

Svein Erik Vestby